Seljord kommune

Arkiv: 223
Saksnr.: 2016/647-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 35065155
Dato: 11.04.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		21.04.2016

Folkemusikktrioen Glima - Søknad om tilskot for å spille inn CD-en "Ljose-Signe"

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Prosjektbeskrivelse, kommunen, 2016
2 Budsjett, kommunen, mars 16

Saksutgreiing:

Folkemusikktrioen Glima søker Seljord kommune om støtte på kr 20.000 for innspeling av CD-en "Ljose-Signe". Trioen består av Ragnhild Knudsen (bratsj, hardingfele), Torunn Raftevold Rue (hardingfele) og Helene Waage (cello/harpe/vokal). Trioen samarbeider med nå med komponist Oddbjørn Aase. Lansering er planlagt 1. oktober og budsjettet er på kr 190.300.

Søkjarane opplyser at dei vil mellom anna bruke hardingfeleslåtter frå Vest-Telemark og Nordfjord i egne arrangement, i tillegg til enkelte visetonar. Med stryker-besetning og kammermusikalske tilnærming vert slåttane arrangert på ein eigen måte, og hentar på den måten fram nye sider av denne rike musikktradisjonen. Sentralt her er materiale etter kvinnelige tradisjonsberarar. Mykje av stoffet dei bruker er sterkt knytt til Seljord, både lyarslåttane til Haugerud og stoffet etter Torbjørg Aas Gravalid.

Sentralt i denne utgivinga står slåtten «Ljose-Signe», arrangert av komponisten Oddbjørn Aase, for hardingfele, bratsj og harpe.
Torkjell Haugerud komponerte tre slåtter knytt til Sigurd Nes sin fortelling «Draum», som omhandlar de tre gygrene som heldt til i fjella som omkransar Flatdal. Glima i Rjupedalar, Tårån (i troppin) i Skorve og Ljose-Signe i Bindingsnuten. De hadde kvart sitt forhold til den nye tida, dette handlar om brytningstida på bygdene da kristendommen ble innført.

Folkemusikkgruppa Glima har namn etter ei av gygrene, og det var også namnet på den første CD-en, den inneheld slåtten Glima (1997). Andre CD het Tårån (2001) og inneheldt slåtten Tårån, og denne tredje CD–en "Ljose- Signe" skal altså innehalde slåtten Ljose-Signe. I tillegg blir det friske danseslåtter og vare visetonar i egne arrangement med cello og bratsj, som har blitt Glima sitt varemerke.

Vurdering
Folkemusikktradisjonen står sterkt i Seljord, og det er mange med stor interesse for folkemusikk i området.
Folkemusikken er ein viktig kulturberar som ein må taka vare på for framtidige generasjonar. Nyinnspelingar og nye tolkingar av gamle slåtter, med musikarar på nasjonalt nivå som gruppa Glima representerer, kan og vere med å gje folkemusikken nye lyttargrupper. Dei tek med denne CD innspelinga tradisjonsmusikken og vidareutviklar den i nye drakter.

Det at lokale kulturutøvarar har kunstutøvinga som næring, gjer positiv ringverknad for heile lokalsamfunnet.

Administrasjonen ser slike satsingar som viktig næringsutvikling og at dette fell innunder føremålet med næringsfondet.

Kommunalt næringsfond/ kraftfond har som føremål; "Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Som etablering av nye bedrifter og vidareutvikle eksisterande bedrifter."

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å løyve kr 15.000 som støtte til utgjeving av Folkemusikktrioen Glima sin CD "Ljose-Signe", med utøvarane Ragnhild Knudsen, Torunn Raftevold Rue og Helene Waage. Løyvinga er av Næringsfond/kraftfond.

Utskrift til: Glima v/ Ragnhild Knudsen